

# KYRKJEBLAD

62. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1/2008

## Visst skal våren komme

Store jubileumskonserter på Vaksdal og i Modalen. Sjå siste side.

### Kyrkjemøtevedtaket

Prestane skriv om homofilisporaålet

### Bilete frå konfirmantjubileum

Vaksdal, Dale og Stamnes

### Kjeldesortering på gravplassane

Skal gje betre orden og lågare utgifter

### Andakt: Påsketuren

Tre kyrkjer har jubileum i år  
Arrangementa er mange.

Slekters gang, gudstenester  
og kunngjeringar



## JUBILEUMSÅRET 2008



Foto av kyrkjene: Svein Ulvund

**VAKSDAL PRESTEGJELD****Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3  
5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Fax 56 59 39 29

E-post: [kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no](mailto:kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no)

**Ekspedisjonstid:**

Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00  
onsdag kl. 11.00-15.00

**Kyrkjevevje Svein Tøsse**

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

E-post: [kyrkjevevja@vaksdal.kyrkja.no](mailto:kyrkjevevja@vaksdal.kyrkja.no)

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltilf. 90 19 65 14

E-post: [frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no](mailto:frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no)

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: [fkv@broadpark.no](mailto:fkv@broadpark.no)

**Kapellan Edvard Bø**

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

E-post: [edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no](mailto:edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no)

Postboks 23, 5725 Vaksdal

**Kantorane Olav Arne Steinkopf og  
Tone Synnøve Øygard Steinkopf**

Tlf.kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: [tsyn@online.no](mailto:tsyn@online.no)

**Organist i Eksingedalen og Eidsland  
Asbjørn Nese**

Tlf. privat: 56 59 59 26

**Telefon til soknerådsleiarar**

**Stamnes:** Odd Helland, 56 59 81 33

**Eksingedalen:** Britt Nese, 56 59 58 12

**Felles for Vaksdal, Dale, Bergsdalen og**

**Nesheim:** Ragna Lid, 56 59 89 20

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

**STOFF TIL NESTE NR.**

må vera kome inn til Kyrkjekontoret  
innan 14.april

# Tidleg påske

I år kjem påsken så tidleg at me har opplevd både julemarsipan til halv pris, og påskemarsipan samstundes i butikken. I Bergsdalen og Eksingedalen er det over meteren med snø, og kanskje vert det ei ekte påske utan lyngkvistar i klisteret under skiene. Men skilnaden er stor frå fjord til fjell. Heime ser me vårbloomar som tittar opp av graset, og til og med rabarbaknollane stikk fleire centimeter opp av jorda.

No skal nordmenn til fjells. Det skal handlast mat, krimbøker og heiskort, og alle gler seg til å kjøre – i kø – til hytta eller til slalåmbakken.

Ikkje alle tenkjer over at hendingane i påsken for knapt 2000 år sidan er sjølvje grunnlaget for vår kristne tru. Påskehøgtida vert av kristne feira til minne om Jesu Kristi død og oppstode. Men sjølvje høgtida er eldre enn dette, for namnet kjem frå den jødiske høgtida til minne om frigjeringa frå fangenskapet i Egypt. Tradisjonen er med andre ord eldre enn den norske hyttepåska. Uansett korleis ein vel å feire høgtida, håper eg det vert tid til ettertanke og fred.

**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 150,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:**

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

**Kasserar:**

Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd,  
boks 113, 5721 Dalekvam

**Eksp. og trykk:**

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34  
5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal,  
Pb. 113, 5721 Dalekvam.

# Påsketuren

Det stunda mot påske. Familien Makeleg var snart klar til å leggja ut på årets skitur. Tursekkane var pakka, og skismurning i alle regnbogens fargar var kjøpt inn. Palmelaurdag parkerte dei bilen ved Påskeløypa. Etter litt om og men fekk alle ski på føtene og sekk på ryggen. Turen kunne starta. Som vanleg valde familien Makeleg den mest makelege løypa. Den var godt preparert, og hadde plass til mange turgåarar. Dei fleste plar velja akkurat denne løypa når dei skulle på påsketur. Det var enklast slik. Familien Makeleg hadde ei fin veke med skigåing, soling og sosialt samvær. Undervegs passerte dei ulike stasjonar der dei kunne kjøpa seg god mat, påskemarsipan, påskekrim og anna underhaldning. 2. påskedag var det slutt på påsketuren. Familien Makeleg kunne pakka skiutstyr og tursekkar i bilen og reisa heim att til kvardagen.

Ved sida av den vanlege løypa gjekk det ei smalare og upreparert løype: Gratisløypa. Familien Makeleg visste at løypa var der, men hadde aldri gått den sjølv. Den vanlege løypa

var grei nok for dei. Gratisløypa såg ikkje så innbydande ut, sett utanfrå. Ein såg ikkje reklameskilt for dei ulike stasjonane, og hørde heller ikkje mange lydar frå den kanten. *Den stille veka* kalla nokon det. Når ein stod ved starten av gratisløypa, kunne den sjå både smal, svingete og uframkomeleg ut. Men dei som valde denne løypa fekk ei påskeoppleving som gjorde inntrykk. Dei visste at Han-som-gjekk-føre hadde gjort løypa tilgjengeleg for dei. Og han kunne framleis treffast der. Slik kunne dei gå saman.

Gjennom Palmesundagsdalen. Fram mot fellesskapsmåltidet. Langfredagsskaret

fulgde deretter – den mørkaste, lengste og tyngste delen av løypa. Det var ikkje alltid lett å gå i Gratisløypa. Men når ein til slutt enda i stråleglansen og gleda på toppen av Påskehøgda, var ingen av løparane i tvil om at dei hadde valt rett veg. Dei som valde å gå gratisløypa var på ingen måte betre kvalifiserte skiløparar enn dei som tok den vanlege løypa. Likevel skilde dei seg ut frå familien Makeleg og venene deira: Gratisløype-løparane fylgde spora til Han-som-gjekk-føre.

*“Din Frelsar ser på deg i dag  
og spør om du vil halda lag,  
så han får trufast leia deg  
på livsens farefulle veg.”*

Johannes Barstad 1904



# Nykomling på kyrkjekontoret

I midten av august flytta ei ny kontordame inn på kyrkjekontoret for Vaksdal. Jorunn Våle Tonckens er namnet. Postkassa hennar finn du i Skulestadmo på Voss.



## Kan du kort presentera deg sjølv?

Eg er Jorunn på 40 år og utdanna kyrkjelydssekretær. Mitt eksklusive etternamn har eg fått frå mannen min, Hans, som kjem frå Nederland.

## Er du vossing?

Eg vaks delvis opp på Voss, og reknar meg for vossing for å gjera det enkelt. Har budd mange ulike stader i Noreg (har vore med på 27 flyttingar), men flytta i fjor heim att til Voss for å slå meg til ro.

## Kva arbeidserfaring har du frå tidlegare?

Eg har arbeidd i fire ulike kyrkjelydar – både som kontordame og i feltarbeid mellom born og unge. Har elles prøvd meg som reinhaldar, lærar, barnehageassistent, bokhandel-medarbeidar, kafémedarbeidar, skule-sekretær og som kontormedarbeidar på ein akupunkturklinikk. Det siste året har eg hatt ei deltidstilling som kontormedarbeidar ved Indremisjons-kaféen på Voss, og denne vil eg kombinera med jobben på Dale.

## Dei som las sist nummer av kyrkjebladet, oppdaga gjerne eit bilete av deg i kjeledress under eit bilpanser. Har du noko god forklaring på dette?

Her kan eg tilby tre grunnar - så kan du velja den/dei du tykker høver best:

1. Frode prest ringde og bad om eit bilete til kyrkjebladet. Bestillinga lydde på eitt bilete av meg i aktivitet, og det var fint om eg ikkje såg ut som ei kontordame. Då eg la fram saka for min kjære, var det han som kom på bilvarianten.

2. Då eg gjekk på ungdomsskulen var eg aktiv kvinnesaks kvinne, og trudde ei stund eg

skulle verta bilmekanikar. Hadde arbeidsveke på ein bilverkstad, der eg lærde å skifta eksosanlegg på ein bil.

3. Biletet er meint som ein illustrasjon på førebuinga til mitt nye liv som pendlar. Lyt for ordens skuld nemna at biletet haltar litt avdi eg brukar toget som framkomstmiddel mellom Voss og Dale.

## Kva likar du å gjera når du har fri?

Eigentleg er eg ganske lat, så eg likar godt å gjera "ingenting". Når de er sagt, får eg ramsa opp ting eg likar også: Reisa, lesa, sjå film, høyra på musikk, få besøk, gå på besøk, gå på tur (prøver å verta eit skikkeleg friluftsmenneske), leika med tantegutane mine, vinna i spel, kle meg ut, eta, drikka te frå store krus, og prata med folk.

## Kva inntrykk har du fått av den nye arbeidsstaden din så langt?

Triveleg og travel. Det er utruleg mykje å setja seg inn i, og eg er imponert over alt Reidun har klart å halda styr på. Opplever arbeidsfellesskapet som godt, og set svært stor pris på den tørre humoren som florerer på kontoret. Før eg starta i jobben fortalde ein vossing meg at folk i Vaksdal kommune er opnare og lettare å koma i kontakt med enn vossingane. Så langt stemmer denne teorien godt, og eg opplever å verta teken godt imot. Sidan eg sjølv har vakse opp i ei lita bygd, likar eg godt å arbeida i bygde-Noreg. Må sei eg er imponert over kor mykje som skjer både i kyrkjeleg og annan kristeleg regi i kommunen. Her må det vera snakk om mange engasjerte medarbeidarar - både mellom dei tilsette i kyrkja og alle dei friviljuge arbeidarane.

## Har du nokre visjonar for arbeidet ditt ved Kyrkjekontoret for Vaksdal?

Her kan eg ikkje diska opp med velformulerte og vel gjennomtenkte setningar (det er mykje som skal gjerast på kyrkjekontoret, og ein del av det må gjerast NO...). Håpet mitt er å kunna møta alle som vender seg til kyrkjekontoret på ein god måte, og å vera ein god kollega. Gjennom dette ynskjer eg å få vera med å fremja Bjørgvin bispedøme sin visjon:

"Saman vil vi gjera Kristus  
kjend, trudd, elska og etterfølgd."



## KYRKJEBEL I VAKSDAL!

Vaksdal kyrkje 75 år

Vigsla 7. april 1933

**JUBILEUMSGUDSTENESTE**

**SUNDAG 6. APRIL KL. 11.00**

Prost Knut A Knudsen, noverande og tidlegare prestar i Vaksdal. Vaksdal Musikklag, Kilden, Dale Mannskor, Osterøy kyrkjekor. Kantorane Olav Arne og Tone Synnøve Ø. Steinkopf.

**FESTSAMKOME**

i Samfunnshuset etter gudstenesta. Servering av lett middag. Høve til helsingar. *Sjå elles omtale av resten av programmet for jubileumshelga andre stader i Kyrkjebladet.*

Eksingedalen kyrkje 125 år

Vigsla 12. juli 1883

**JUBILEUMSGUDSTENESTE**

**SUNDAG 15. JUNI KL. 11.00**

Fung. prost Ivar Molde, noverande og tidlegare prestar i Vaksdal. Organist Asbjørn Nese, kantorane Olav Arne og Tone Synnøve Ø. Steinkopf, Kilden m fl syng frå "Visst skal våre komme".

**FESTSAMKOME**

i Ljosheim etter gudstenesta

*Meir informasjon om jubileumsfeiringa kjem seinare*

Nesheim kyrkje 100 år

Vigsla 17. september 1908

**KONSERT**

**LAURDAG 13. SEPTEMBER**

med Bjarte Leithaug og borna i Eksingedalen

**JUBILEUMSGUDSTENESTE**

**SUNDAG 14. SEPTEMBER KL. 11.00**

Festsamkome på skulen etter gudstenesta

*Meir informasjon om jubileumsfeiringa kjem seinare*

# Historisk gudsteneste på Vaksdal

22. juni vert det halde ei historisk gudsteneste på Vaksdal. Denne gudstenesta er i samband med 75-års feiringa for Vaksdal kyrkje. Gudstenesta vil vera i samarbeid med kyrkja i Bruvik, der me markerer den historiske samhandlinga mellom desse to kyrkjene.

## EI GUDSTENESTE PÅ TO STADER.

Me ynskjer å starte gudstenesta i kyrkja på Bruvik for så å reise til Vaksdal og avslutte gudstenesta der. Me vil bruke gamal liturgi med

mellom anna den gamle klokkerbøna. Prestane vil bruke den gamle prestedrakta med sort Samarie og kvit pipekrage.

## BÅTKORTESJE PÅ FJORDEN

Det me ynskjer å få til på denne dagen er ein båtkortesje over fjorden med mange båtar. Me har mellom anna tatt kontakt med Veteranklubben på Stamnes som vi rekner kan stille med Brørvikaskuto og ein båt til. Men me treng mange fleire. Me vonar at andre båfolk i kommunen kan vere med og stille opp med båtane sine så vi kan frakta så mange som mogeleg over. Det vil nok måtte verte fleire turar. Fyrst må dei som kjem frå Vaksdal over

fjorden til Bruvik om morgonen. Så må alle over frå Bruvik til Vaksdal. Til slutt må dei som bur på Bruvik komme seg heimatt. Frå bryggja på Vaksdal vil me gå i tog opp til kyrkja. For å få den rette susen vil me oppmoda folk til å ta på seg gamle klede, som arbeidsklede, søndagsklede og alt som kan minna om fortiden i dei siste 75 åra. Dette vert altså ei stevnedag, der det òg vil vanka noko godt å ete etter gudstenesta.

## KVIFOR TUREN OVER FJORDEN?

Før kyrkja på Vaksdal kom, måtte folket på Vaksdal i båt til Bruvik når dei skulle til kyrkje. Men etter 1933 så var det presten på Bruvik som måtte ta ut i båten.


Det varte heilt fram til Bjørsvik vart kapellan på Vaksdal og flytta inn i den nye prestebustaden i Vaksdalsgarden rundt 1970.

## BÅTEIGARAR – MELD DYKK!


Me vil no oppmoda alle båteigarar som kan tenkje seg å vere med på denne dagen til å melde seg til **sokneprest Edvard Bø**. Han kan de nå på telefon 90840624, epost: [edvarboe@online.no](mailto:edvarboe@online.no) eller via kyrkjekontoret.

Vi treng å ha ei oversikt over kor mange me kan frakta med båt. Det vil sjølvsagt òg vere lov for dei som ikke kan gå i båt, å ta eit meir moderne framkomstmiddel på vegen rundt. Me vil gje meir utfyllande informasjon seinare. Me vonar berre at mange kan setje av denne midsommarnattshelgja til ei festleg markering av det historiske ved kyrkja vår.

## Jubileumskonsertar for borna



### Barnekonsert



Vaksdal kyrkje sin vigslingsdag var 7. april for 75 år sidan. Denne datoen i år; mandag 7. april 2008 vert det fokus på borna. Om kvelden vert det barnekonsert i kyrkja, der born skal delta. Mellom anna vert

**Vaksdal skulemusikk** med, og dei får støtte frå **Vaksdal musikklag**. **Stanghelle/Dale barnesongkor** og **Stamnes barnekor** kjem på vitjing for å delta, både kvar for seg og med fellesong.



### "Kirsebærjenta Elfriede"

Konsert for Vaksdal barnehage med Julia Harbrecht og Irene Halseid

Måndag 7. april, i samband med jubileumsfeiringa, har Vaksdal kyrkjelydsutval invitert Vaksdal barnehage til eit møte med kirsebærjenta Elfriede. Møtet går føre seg på galleriet i Vaksdal kyrkje

"Kirsebærjenta Elfriede er omsett frå tysk og tilrettelagt for norske forhold av tidlegare kantor i Vaksdal kyrkje; **Julia Harbrecht**. Ho vil medverke som organist. Ho har med seg skodespelaren **Irene Halseid**.

I denne orgelkonserten for born har små (og store) tilhøyrarar høve til å oppleve orgelet som eit variert og fascinerande instrument. Forteljinga om Elfriede er laga etter mønster av Prokofievs "Peter og ulven" slik at kvar av hovudpersonane har eit eige

musikalsk tema som vert introdusert for publikum i byrjinga av konserten

Historia handlar om eit kirsebær som vil oppleve verda i staden for å verte eten, forelskar seg i månen (som er like rund som ho), prøvar å reise dit på ei sky, men dett ned og rullar på dramatisk vis tilbake. Når hausten kjem, tek ho til å skrumpe, sovnar inn, og veks seg seinare til et flott kirsebærtre.

Historia om Elfriede har tidlegare vore oppført i Åkra og Ferkingstad kyrker på Karmøy. Etter konserten vil borna sjølv få høve til å prøve seg litt på orgelet. Sidan det ikkje er plass til alle borna på galleriet i kyrkja, vert borna delt i fleire grupper. Det vert servert bollar og brus til borna etterpå.



## Kyrkjemøtet sitt vedtak om homofilisørsmålet

*Kort tid etter kyrkjemøtet vart me prestane kontakta av lokalpressa for å gjera greie for kor me står i det aktuelle spørsmålet som vart teke opp på kyrkjemøtet. Her kjem med meir utfyllande informasjon frå oss.*

### To ulike syn

Kyrkjemøtet tok i haust stilling til å anerkjenne at det er to ulike syn i kyrkja på om personar som lever i homofilt partnerskap kan inneha vigsla stillingar i kyrkja. Faktum er at desse to syna er der. Fram til vedtaket i haust har dei med eit liberalt syn vore bundne av tidlegare vedtak i kyrkja om ikkje å tilsette homofilt samlevande i partnerskap til slike vigsla kyrkjelege tenester. Kyrkjemøtet har altså ikkje uttala seg om homofili generelt, men berre om denne eine konkrete saka. Kyrkja ynskjer å ikkje vere fordømande overfor homofile, men striden står om korleis best utlegge Guds ord i Bibelen i denne saka. Korleis skal ein tolke dei orda som står om homofili?

### Den verdsvide kyrkja

Fram til nyare tid har det vore ei eintydig tolking av desse tekstane ikkje berre i vår norske kyrkje, men i den verdsvide kyrkja. No er dette eit spørsmål som det arbeidast med, og som skapar mykje strid i mange kyrkjer. Ikkje minst Den anglikanske kyrkja har fått merke det dei seinare åra. Den kyrkja er truga med full splitting særskilt der biskopane i Afrika og Asia forfektar det konservative synet, medan dei allereie har tilsett og vigsla homofilt samlevande til bispeteneste i USA. Den romersk-katolske kyrkja slit og med homofilisørsmålet, men på ein annan måte enn hjå oss. I den katolske kyrkja praktiserar dei sølibatet for alle prestar. Korkje heterofile eller homofile prestar kan der gifta seg/inngå partnerskap. Eit utblikk til den verdsvide kyrkja er viktig når ein gjer vedtak i eit teologisk spørsmål. Vi er alle kalla til å vere eitt i Jesus Kristus.

### Kyrkjespjittande?

Dei sentrale organa i kyrkja vår har vore opptekne av at dette spørsmålet ikkje naudsynleg må vere kyrkjespjittande. Ei gruppe konservative prestar krev likevel alternativ tilsynsordning for å kunne bli verande i

kyrkja. Dette er ei krevjande problemstilling, då ein biskop ikkje har høve til å fråskrive seg tilsyn for ein av sine prestar eller andre vigsla kyrkjelege tilsette. Ja, for dette er eit spørsmål som ikkje gjeld berre prestar, men like mykje kateketar, diakonar og kantorar.

### Kva er no situasjonen etter kyrkjemøtevedtaket?

Ei gruppe på kyrkjemøtet som mellom anna omfatta vår eigen biskop, hadde eit alternativt framlegg til vedtak. Det gjaldt å utgreie konsekvensane vidare. Dette framlegget vart nedstemt og biskop Hagesæther held no fram at det var svært uheldig for kyrkja. No manglar kyrkja retningsliner for korleis ei rekke saker skal handsamast i praksis.

Med kyrkjemøte sitt vedtak i haust er no mynde til å avgjere om homofilt samlevande i partnerskap kan tilsetjast i vigsla kyrkjeleg teneste, lagt til dei lokale tilsettingsorganana. For prestar sin del gjeld det Bispedømerådet i kvart einskild bispedøme. Biskopen kan dessutan sjølv suverent avgjere om ho eller han vil gje sitt "anbefalingsbrev". Når det gjeld tilsetjing av prostar og biskopar ligg avgjersla hos kongen i Statsråd. Når det gjeld tilsetjing av kateketar, diakonar og kantorar ligg avgjersla hos Kyrkjeleg Fellesråd i kvart einskild kommune i landet. Kva desse organa vil praktisere kan soleis endrast for kvart val som vert halde kvart fjerde år. Det kan mellom anna føre til at eit lokalt tilsetjingsorgan er liberalt, og biskopen er konservativ og vice versa. Kandidaten kan verte tilsett utan biskopen si tilråding, og missa vernet stillinga gjev. Denne saka er altså svært krevjande på mange ulike vis både teologisk og arbeidsrettsleg. Det er difor viktig å omtala kvarandre med respekt.

Vi er kalla og tilsett til ei teneste som forpliktar oss på Guds ord i skrifta. Kvar og ein av oss har ansvar for å gjere dette etter beste overtyding.

Helsing sokneprestane  
Edvard Bø og Frode Kvamsøe

## MEDARBEIDAREN

I Vaksdal er det mykje arbeid blant born og unge i kristen regi. Sundagsskular, barnelag og barneforeining, Yngres/Ving og KUL samlar store og små flokkar, og vert leia av engasjerte menneske. Marit Mjelde Alvheim (33) er ein av dei. No er ho leiar i Vaksdal Yngres og Barnelaget på Dale, og syng i tillegg i Kilden. Ho har budd på Vaksdal heile livet, og bur no i/på Bryllupshaugen saman med mannen Odd Kåre og fire born i alderen 8-14 år. Marit har arbeidd i butikk, som heimehjelp og som assistent på Sjukeheimen. No er ho tilsett i NAV i Arna, etter at ho i åra 2004-2007 utdanna seg til sosionom.

Kva vil de med dei aktivitetane du er med på?

- Kunnskap om den kristne trua minkar enormt, mellom anna sidan dei lære mindre om dette på skulen. Difor ynskjer me å nå borna, slik at dei kan få opplæring i den kristne bodskapen. Me ynskjer og å gje dei ein trygg og god stad å møtast til sosialt samvere.

Sjølv opplever Marit det slik at ho fekk eit kall frå Gud til å starte med Barnelaget på Dale. Ho fekk med seg andre leiarar, og dei starta opp hausten 2002. Det har vore aukande oppslutning om barnelaget, responsen har vore god og flokken av medarbeidarar har vore stabil. På Yngres er det og ein stor flokk som kjem. Flokken av medarbeidarar har vore stabil. Samstundes er det slitsamt når mykje av arbeidet kjem oppå kvarandre, då slit det meir enn det gjev. - Men det er fint å sjå at arbeidet utviklar seg og går framover. Det er både kjekt og sosialt å vere med, og ein får mykje att for det sjølv, seier ho.

Kva må til for at ein kan vere leiar?

- Ein må jo tru på den bodskapen ein er med og formidlar. I tillegg må ein greie å møte borna der dei er. Born treng mykje vaksenkontakt, det er og noko eg har lært som mor. Det er elles ulike oppgåver å gå inn i: Nokon står framme og leiar samlingane, andre er meir med i bakgrunnen.



Marit har vore med i det kristne arbeidet sidan ho var i tenåra. Ho var med i speidaren og sundagsskulen på Vaksdal, og i Vaksdal Radio. I Kilden var ho tidlegare og leiar for styret i nokre år. Men no vil ho trappe ned:

- Eg planlegg å trekke meg ut av Yngres og Barnelaget til sommaren, slik at eg mellom anna får meir tid til å fylgje opp eigne born, seier Marit, og legg til at ho vonar at nokon kan ta over, sjølv om ho ser at folk er travle og har mykje å gjera.



Marit Mjelde Alvheim



## 50-ÅRS KONFIRMANTAR PÅ DALE 21. OKTOBER 2007



**1.rekke frå venstre:** Henny Teigen Andreassen, Siri Elisabeth Andersen Vassdal, Ågot Sigrud Rønhovde Cleveland, Ingrid Kjellaug Helle Tjeldflåt

**2.rekke frå venstre:** Bjørg Turid Hesjedal Leirvåg, Roald Peder Utskott, Øystein Fossmark Lilleskare, Brit Johanne Petersen Gunnarson

**3.rekke frå venstre:** Tor Martin Tveiterås, Edvard Forthun, Trond Hårvik, Svein Norvald Helle, Arne Røe, Gunnar Dankertsen, Gunnar Røe, spr. Frode Kvamsøe

## 60-ÅRS KONFIRMANTAR PÅ DALE 21. OKTOBER 2007



**1.rekke frå venstre:** Kjellaug Knutsen, Ester Brudvik, Aud Mehus

**2.rekke frå venstre:** Magnar Mehus, Inger Johanne Ringheim, Gerd Fenne, Henry Olsnes

**3.rekke frå venstre:** Idar Strømme, Odd Grenasberg, Erling Rolland, spr. Frode Kvamsøe



## 50-ARS KONFIRMANTAR PÅ VAKSDAL 14. OKTOBER 2007



Foto: Gudrun Boge Karlsen

**Frå venstre:** Else Marie Rønhovde Fjerdingsby, Helga Hvidsten Skundberg, Arve Sæterdal, Randi Olsen Johansson, Arne Sæterdal, Arthur Åge Herfindal, Anne Margrete Faugstad Telhaug, Aasmund Karlsen, Else Bjørsvik Torbjørnsen, Thomas Thomassen, Liv Margrete Berge Christensen, Nils Oddvar Johnsen, Solveig Anny Tolås Hernes, Odd Bertel Herfindal, Kjell Fossdal

## 50-ÅRS KONFIRMANTAR PÅ STAMNES 27. OKTOBER 2007



Foto: Anne Margrete Eikefet

**Frå venstre:** Trygve Kallestad, Hallstein E Leiren, Jan Magnar Stamnes, Osvald Magne Stien, Helga Berit Håland, Annbjørg Sæve Hauge, Ingvild Vik Madsøy, Dagny Marie Kvamme

# Kjeldesortering av avfallet på gravplassane

## Kjeldesortering skal hjelpe oss å redusere utgiftene

**Stanghelle gravplass** har sett standarden når det gjeld kjeldesortering. Dei nye bossdunkane med merking har gjort det mogleg å skilje mellom planteavfall til kompostering, og restavfall som plastposar, blomsterpotter og papir. Dette gjer at mengda med boss har vorte monaleg redusert.

Det viser seg at størstedelen av avfallet er komposterbart, og kan leggjast i lokale deponi, medan berre ein tidel må fraktast til renovasjonsselskapet. Når ein legg til at me betaler kilopris for å kvitte oss med restavfallet, ser ein at sorteringa kan gje store innsparringar.

Løysinga er enkel og rimeleg, og dei som vitjar gravplassen er nøgde. Sorteringa på Stanghelle har gått veldig bra, og me takkar for hjelpa.



Stanghelle gravplass har fått to slike stasjonar for kjeldesortering.

## Dei store bosskassane som har stått på Vaksdal og Dale er fjerna.

Bosskassane er erstatta med mindre behaldarar, av om lag same type som hushaldningane har i dag. Samstundes er det fleire tømme-punkt på gravplassane. Dette tiltaket vil krevje oftare tilsyn, men etter vona gje betre orden. Dunkane er merkte, så det skal vere enkelt å skilje mellom kompost og restavfall.

Dei fleste kjenner vel til problemet med at det hopar seg opp avfall når ein står framfor dei store høgtidene på våren.

Dette vert sjølvsagt ei utfordring for oss, særleg når så mange plantar blomar på gravene ein fredag ettermiddag, eller ein laurdag. Det vert ikkje føreteke ettersyn utanom den vanlege arbeidstida, og kapasiteten kan nok verte sprengd i eit par dagar. Mengda med avfall er størst på Dale, Vaksdal og Stamnes, på dei andre gravplassane er folk truleg flinkare til å ta med seg emballasjen heim att (?)

## Informasjonstavler

Til våren vert det teke sikte på å montere informasjonstavler på nokre av gravplassane. Tavlene skal ha kart over gravplassen med merking av felta og kvar på gravplassen det er plassert bossdunkar og vatnpostar. I tillegg vert det kontaktinformasjon og utdrag av lovverket. Tiltaket vert sett i verk for å gjere det enklare for dei som vitjar gravplassane å finne fram, både på gravplassen og i lovverket.

**Vaksdal gravplass**


**Vedtøkt for kyrkjegardane i Vaksdal**

Bandfang for hundar på gravplassane

Dei pårørande eig gravsteinane

Sletting av gamle graver

70 års aldersgrense

Kyrkjekontoret svarar på spørsmål om graver, gravsteinar, rettar og plikter, med meir

Tlf 56 59 39 20



## Nye bossdunkar



Dei nye bossdunkane er på plass på Dale og Vaksdal gravplassar. God synleg merking skal gjere det enkelt å sortere avfallet. Den grønne vert nytta til komposterbart avfall, den svarte til papir, plast, glas og liknande.

## Innbetaling av festeavgift

-Kva tyder opplysningane som står på rekninga?

Kyrkjekontoret arbeider kontinuerleg med å oppdatere og finne rette opplysingar om kven som er ansvarleg, eller "festar", for dei ymse gravene i Vaksdal kommune. Me har 8 gravplassar i bruk, med om lag 3850 graver og 1350 registrerte festarar.

Festetida for ei grav tek alltid utgangspunkt i heile 10-år frå det året gravlegginga fann stad. Dersom det vert sett av plass for grav til pårørande, vert denne plassen festa frå same tidspunkt. Dei to gravene vert då kalla for ein gravstad. Det er vanleg å sende ut rekning til festaren for den reserverte plassen nokre veker etter gravferda.

Ei grav er freda i 20 år frå gravlegginga. Difor vert det ikkje rekna festeavgift for den første gravlegginga i ein gravstad. Den reserverte grava er derimot festegrav for resten av tida den vert nytta.

Når festetida er gått ut, får ein tilbod om å behalde gravstaden for ein ny periode, mot betaling av festeavgift. Dette kan ein gjere til grava er 70 år. Dersom ein ynskjer lengre tid enn dette, må ein grunngje det i ein søknad til fellesrådet. Ein kan kontakte kyrkjekontoret dersom ein ynskjer meir informasjon om dette.

Rekninga for kvar grav er ofte mindre enn kr 500,-. Dette kjem av at ein ikkje betaler avgift tilbake i tid, og at ein alltid reknar i 10-årsbolkar. Dersom festeavgifta hadde forfall i 2004, betaler ein frå inneverande år (2008) og fram til 2014. Difor vil det stå "Antall: 6" på rekninga i dette høvet. Festeavgifta hadde vorte kr 300,- for denne grava.

Hadde forfallet vore 1999, ville det stått "Festeavgift for (namnet på den gravlagte) for perioden 1999–2009."

Avgifta vert kr 100,- i dette høvet.

Sjå dømet nedanfor.

Antall		Pris
6	Festeavgift for Jens Petrus for perioden 2004– 2014. Øksendal Gravplass: A.4.16	300,00
2	Festeavgift for Stein Haug for perioden 2000–2010. Steinsholt Gravplass: M.01.3	100,00



## Frå Abbey Road til Vaksdal kyrkje

Plateinnspeling med Stein Erik Olsen

Gitaristen Stein Erik Olsen har oppdaga Vaksdal kyrkje, og der har han funne eit framifrå rom til innspeling av lyd. Akustikken høver veldig godt til det instrumentet han spelar. I tillegg er det lite og inga støy rundt kyrkja, noko som gjer at han slepp å få uønska lydar med på opptaka.

Han har både hatt konsert og gjort opptak tidlegare, og no i mars har han vore attende i Vaksdal. Som tekniskar nyttar han Arne Akselberg som er fast tilsett tekniskar ved Abbey Road studios i London. Han er en einaste der som berre jobbar med klassisk musikk, og som ein del av jobben reiser han rundt om i verden og gjer opptak. No kan han altså føre opp 75-åringen på Vaksdal som opptaksstad!



*Stein Erik Olsen kjem attende til Vaksdal kyrkje seinare i år, i samband med jubileumsfeiringa. Her saman med fløytist Gro Sandvik, i Vaksdal kyrkje.*

## Fleire frå Vaksdal i Ungdomsrådet



Helga 29. februar – 2. mars arrangerte Ungdomsrådet i Bjørgvin Bispedøme sitt årlege ungdoms-ting, UT:08. Dette er eit organ som jobbar med ungdoms-saker i kyrkja. I år, som i fjor, var ein på Dyrkolbotn, ikkje så langt frå Modalen.

Det var fire personar frå Vaksdal til stades på UT:08, Torbjørn og Kristin Audestad, Håkon Kinsarvik (som var med på å arrangere tinget som medlem av Ungdomsrådet) og Kjetil Kringlebotten.

UT:08 hadde eit variert program, med foredrag, seminar,

arbeidsgrupper, "grilling" av biskopen, bøn og lovsong. Men UT:08 gjekk hovudsakleg med til å behandle ei rekke saker, mellom anna ein kommentar til Den norske kyrkja sin ?? om diakoni frå 2007.

Det vart også gjennomført val av nye representantar til ungdomsrådet. Håkon Kinsarvik

vart valt inn for to år i fjor, medan Kjetil Kringlebotten i år vart valt inn for eit år.

- Eg fekk mykje større innsikt i korleis Den norske kyrkja er strukturert, og håper at eg får gjort ein god jobb i Ungdomsrådet, seier Kjetil Kringlebotten.

## Prost Knudsen sluttar



Prost Knudsen i Vaksdal kyrkje i 2001

Knut A Knutsen sluttar som prost i Hardanger og Voss prosti, etter 19 år i tenesta.

Sundag 13. april kl. 11 vert det avskilsgudsteneste med Knutsen i Vangskyrkja. Der vert biskop Ole D. Hagesæther med, saman med fleire av prestane i prostiet. Etter gudsteneste vert det ei samkome i Vonheim.

Det vert arbeidd med ei eiga avskilssamling for prosten i ei av kyrkjene i Vaksdal. Tid og stad for denne vert kunngjort seinare.

## Prest på Voss med røter i Eksingedalen

Kjersti Brakestad Boge er namnet på den nye presten som kjem til Voss til våren. Ho tek over etter kapellan Vassal, som slutta i haust. Og, som nokon kan hende allereie har skjøna: Brakestad-

namnet kjem frå Brakestad i Eksingedalen, der den nye presten altså har røter. Så nyepresten på Voss kan me vel kalle "litt vår" og?

# Slekters gang

## DØYPTE

### Dale

01.07. Hanna Hop  
 29.07. Thea Lilletvedt Faugstad  
 09.09. Ingeborg Grenasberg Ullevoldsæter  
 09.09. June Margrethe Middleton  
 09.09. Elise Hansen Oppedal  
 09.09. Leah Seim Edlund  
 09.09. Elise Roti  
 09.09. Eirin Hårvik  
 18.11. Ane Mari Helle Rørbakken  
 18.11. Maja Lid Toskedal  
 18.11. Robin Standal Fenne  
 13.01. Mathias Tysnes Danielsen  
 27.01. Jonas Sellevold Erdal  
 27.01. Kristina Andreassen Rabben  
 24.02. Mari Genesis Faugstad  
 24.02. Lilja Mjelde Jørgensen

### Bergsdalen

18.03. Ina Pettersen  
 02.09. Styrk Brattabø

### Eksingedalen

20.05. Odin Solheim Flatekval  
 14.10. Robert Hafstad Brønstad

### Nesheim

09.09. Lage Vetlejord Feirud

### Eidsland

08.07. Ådne Matre Nordheim  
 17.02. Sander Beggevik Møster

### Vaksdal

08.07. Amalie Rosseland Kleiveland  
 19.08. Maylinn Amundsen Solberg  
 19.08. Julie-Mathilde Knutsen-Larsen  
 02.09. Nathaniel Nikolay Kleveland  
 14.10. Pernille Rebekka Hansen Skage  
 14.10. Marielle Olaissen Hovlandsdal  
 28.10. Davin Waage Knappskog  
 11.11. Lilja Kvernusteigen Amundsen  
 11.11. Robin Kleiveland Sæterdal  
 11.11. Lorents Haukefær Kaspersen  
 09.12. Mari Hammer Verpelstad  
 20.01. Ariana Njåstad Boge  
 20.01. Kristoffer Litangen Jacobsen  
 20.01. Noah Terjesen Boge  
 17.02. Olav Karlsen Dale  
 17.02. Sondre Steinsbø

## VIGDE

### Dale

04.08. Katrine Hesjedal og  
 Erlend Bakke Johannessen  
 29.02. Anne-Marie Auro og Kåre H Berge

### Eksingedalen

28.07. Anita Furevikstrand og  
 Nils Martin Seim

### Stamnes

14.07. Renate Meland Valland og  
 Anders Nordheim  
 18.08. Trude Kulshamar og  
 Steffen Auro Fardal

### Vaksdal

30.06. Helén Nilsen Krogsrud og  
 Espen Elvik Brekken  
 15.09. Linda Holme og  
 Glenn André Birkeland

## AVLIDNE

### Dale

15.07. Molly Hestad, f. 1918  
 22.07. Margit Sandal, f. 1911  
 27.07. Steinar Hestad, f. 1939  
 27.07. Mons J Helle, f. 1927  
 28.07. Knut Bergstad, f. 1947  
 05.08. Gudrun Maria Berge Nesse, f. 1916  
 10.08. Magnus Sigurdson, f. 1925  
 18.08. Svanhild Dalseide, f. 1930  
 20.09. Jakob Helle, f. 1923  
 25.09. Asta Marie Grenasberg, f. 1935  
 25.09. Ruben Owe Fyllingslid, f. 2007  
 06.11. Astrid Takvam, f. 1918  
 09.12. Johanne E Stanghelle, f. 1918  
 10.12. Sverre Erdal, f. 1931  
 13.12. Astrid Lilleskare, f. 1911  
 30.12. Gunn Stamnes, f. 1944  
 12.01. Klara Sandvik, f. 1922  
 29.01. Andri Hesjedal, f. 1914  
 31.01. Arvid Kleveland, f. 1918  
 12.02. Jenny Berg Lilleskare f.1915

### Bergsdalen

10.08. Gudrun Lid, f. 1942  
 29.11. Audun Hatlestad, f. 1935



**Eksingedalen**

25.05. Borghild Flatekval, f. 1914  
 31.08. Sverre Flatekval, f. 1917  
 14.01. Camilla Marie Bolstad Brekkhus,  
 f. 1979

**Stamnes**

18.07. Erling Leiren, f. 1916  
 30.08. Johannes M. Vik, f. 1920  
 06.10. Ingleif Leiren, f. 1948  
 23.10. Gjertrud Kallestad, f. 1911  
 02.12. Wenche Dæmring, f. 1942  
 02.02. Solfrid Helene Hagen, f. 1934  
 22.02. Malene Simmenes, f. 1910

**Eidsland**

10.09. Arnljot Almås, f. 1928  
 01.02. Olga Lillejord, f. 1916

**Vaksdal**

16.07. Knut Carlsen, f. 1942  
 17.08. Arthur Hagen, f. 1926  
 27.08. John N Løtvedt, f. 1930  
 01.09. Hildur Karlsen, f. 1918  
 04.09. Andreas Hana, f. 1935  
 31.10. Kjell Andreas Hanevik, f. 1926  
 18.11. Roald Danielsen, f. 1983  
 26.11. Astrid Eriksen, f. 1927  
 20.12. Gunvor Olivia Olsnes, f. 1925  
 03.01. Gudrun B Olsnes Larsen, f. 1931  
 13.01. Arnhild Bergljot Nancy Hausvik,  
 f. 1914

**MISJONSBASAR**

i Bergsdalen kyrkje

**LAURDAG 12. APRIL****kl. 15.00**Andakt og misjonsinfo  
Åresal. Matøkt.**Tibetmisjonen****KYRKJEFOREININGA  
FOR DALE KYRKJE**

har vore lite aktiv dei siste åra. Men no er ho i gong att! Kyrkjeforeininga vil arbeide med ulike saker i høve kyrkja, og dei som er interesserte i å vere med, kan møta i dåpssakristiet i Dale kyrkje når det er møter.

Neste møte er

**Måndag 14. april kl. 19.00**

Har du spørsmål, kan du kontakte  
 Oddveig Straume eller Eli Kringlebotten.

Helsing Dale Kyrkjeforeining

**Orgelresitasjonar i påska**

Orgelresitasjon er ein minikonsert med musikk til ettertanke, knytt til påskehøgtida. Konsertane går føre seg ein halv time før gudstenesta.

**STAMNES KYRKJE****20. mars – Skjærtorsdag kl.16.30**

v/Olav Arne Steinkopf

**DALE KYRKJE****20. mars – Skjærtorsdag kl.19.30**

v/Olav Arne Steinkopf

**VAKSDAL KYRKJE****21. mars – Langfredag kl.19.30**

v/Tone Synnøve Øygard Steinkopf

**STORSAMLING  
i Dale Bedehus****2. påskedag kl. 16.00**

Tale av Audun Hjellvik.

Mykje song. Mat og drikke.

Kollekt til Indremisjonen

Alle er hjarteleg velkomne

Indremisjonane i Vaksdal

**MØTEVEKE****Onsdag 26. mars kl. 19.****Torsdag 27. mars kl. 19.****Fredag 28. mars kl. 11** (merk tida).**Søndag 30. mars kl. 18.**

Talar: Reidun Skurtveit. Kollekt til

Indremisjonen på møta.

Alle er hjarteleg velkomne!

Dale og Stanghelle Indremisjon

**10-ÅRS  
JUBILEUMSFEST**for **DALE BEDEHUS****Laurdag 29. mars kl. 17.00**

Tale av Reidun Skurtveit.

Song og musikk. Matøkt

Kollekt til Bedehuset

Alle er hjarteleg velkomne!

Dale og Stanghelle Indremisjon

## Vaksdal kyrkjelege fellestråd søker etter kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar til Eidsland

*Stillingane som kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar kan gjerne kombinerast til ei stilling.*

Å dele på stillinga som kyrkjetenar vil vere aktuelt. Kanskje 2-3 personar vil ta på seg å gjere arbeidet, ettersom det høver?

Du kan søkje på både stillingane, eller den eine. Du kan gå saman med andre om å søkje, eller foreslå nokon som du meiner dette arbeidet kan høve for. Omfanget av arbeidet kan drøftast, slik at me får ei løysing som er god.

Desse stillingane er viktige for kyrkjelyden, og viktige for kyrkja. Skadar om manglar som oppstår må rettast på så snart som mogleg.

Utstyr må haldast vedlike, ljospærer skiftast. Altarvin, altarljos, snømåking og oppvarming må takast hand om på ein forsvarleg måte.

Det er gudsteneste i Eidsland kapell ti gonger i året. I tillegg kan det vere nokre konsertar og andre arrangement.

Løn etter tariffavtale. Tilsetjing snarast råd.

Ved spørsmål om stillinga, ta kontakt med kyrkjevevje Svein Tøsse på tlf 56 59 39 21

Søknad kan sendast til:

*Kyrkjevevja i Vaksdal,  
Pb.113, 5721 Dalekvam*

### GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

**Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distriktet**

**Skrifttilføyelser – Oppussing**

**Harald Jordal**

**Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00**



**- ein lokal medspelar**



**Hordaland BA**

**Avd. 405 Dale**

**5721 Dalekvam**

**Tlf. 56 59 61 01**

Nye Dale



**Boks 12, 5721 DALEKVM**

**Tlf. 56 59 40 40**

**Din lokale leverandør av snitter, koldtbord, middag og pizza til alle anledninger.**



Tlf. 56 59 39 00 – [www.spv.no](http://www.spv.no)



**Me leverer alt innan elektriker-tenester, også varmepumper.  
Telefon: 56 59 43 00**



**Har du bruk for ein fagmann?**

- Elektro svak og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf 56 52 36 66

[www.vangen-elektriske.no](http://www.vangen-elektriske.no)



**VAKSDAL BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

**Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.  
Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar**

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

Ann-Elin Mjelde Gullbrå

tlf: 56 59 74 70 - mob: 91 17 97 66

## VELKOMEN TIL KYRKJA

### VAKSDAL KYRKJE

#### 16. mars – Palmesøndag kl.10.00

Høgmesse. Kvamsøe. Offer til De fire diakoniinstitusjoner.

#### 21. mars – Langfredag kl.20.00

Pasjonsgudsteneste. Kvamsøe.

#### 23. mars – Påskedag

Sjø Dale kyrkje.

#### 6. april kl.11.00 Jubileumsgudsteneste.

Prost Knudsen, Bø og Kvamsøe. Offer til kyrkjejubileet.

**27. april kl.18.00** Ung Messe. Konfirmantane, Bø og Kvamsøe. Offer til Sjømannskyrkja.

**1. mai kl.9.30** Høgmesse. Kvamsøe. Offer til Kristne Arbeidere.

**4. mai kl.11.** Konfirmasjonsgudsteneste. Bø. Offer til kyrkjelyden sitt barne- og ungdomsarbeid.

#### 11. mai – Pinsedag

Sjø Stamnes kyrkje.

**17. mai kl.10.00** Høgmesse. Bø. Offer til IKO – Kirkelig pedagogisk senter.

**25. mai kl.18.00** Høgmesse. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

### DALE KYRKJE

#### 20. mars – Skjærtorsdag kl.20.00

Nattverdsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til Fagertun.

**23. mars – Påskedag kl.11.00** Felles høgtidsgudsteneste. Bø. Nattverd. Offer til Tibetmisjonen.

**13. april kl.18.00** Høgmesse. Kvamsøe. Offer til Blå Kors.

**1. mai kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe. Offer til Kristne arbeideres forbund.

**4. mai kl.11.00** Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til Kyrkjelydsarbeidet

#### 11.mai – Pinsedag

Sjø Stamnes kyrkje.

**17. mai kl.10.30** Høgmesse. Vikar. Offer til Bergen søndagsskulekrets.

### STANGHELLE BEDEHUS

**20. april kl.16.00** Familiegudsteneste. Kvamsøe. Offer til Familie & Medier.

### EIDSLAND KAPELL

#### 21. mars – Langfredag kl.11.00

Pasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

#### 27. april kl.11.00

Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til Konfirmantarbeidet.

**17. mai kl.12.30** Familiegudsteneste. Offer til Redd Barna.

### BERGSDALEN KYRKJE

#### 16. mars - Palmesøndag kl.12.30

Sportsandakt. Kvamsøe.

#### 23. mars – Påskedag kl.20.00

Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

#### 30. mars kl.11.00 Familiegudsteneste.

Kvamsøe. Offer til Bergen Søndagsskulekrets. Skidag.

#### 11. mai – Pinsedag kl.20.00

Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Sjømannskyrkja.

**25. mai kl.11.00** Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til Fagertun leirstad.

### STAMNES KYRKJE

#### 20. mars - Skjærtorsdag Kl.17.00

Nattverdsgudsteneste. Bø. Offer til Sjømannskyrkja, Norsk kyrkje i utlandet.

#### 23. mars – Påskedag

Sjø Dale kyrkje.

#### 30. mars kl.20.00 Høgmesse. Kvamsøe.

Offer til Det Norske Misjonsselskap.

**20. april kl.11.00** Høgmesse. Bø. Nattverd. Offer til Ving.

#### 11. mai – Pinsedag kl.11.00

Høgtidsgudsteneste. Konfirmasjon. Offer til konfirmantarbeidet.

**17. mai kl.12.30** Familiegudsteneste. Offer til Redd Barna.

### EKSINGEDALEN KYRKJE

#### 20. mars – Skjærtorsdag kl.11.00

Nattverdsgudsteneste. Bø. Offer til Kirkens Nødhjelp (Fasteaksjon).

**27. april kl.11/15** Høgmesse. Bø. Nattverd. Offer til Tibetmisjon.

### NESHEIM KYRKJE

#### 16. mars – Palmesøndag kl.11.00

Familiegudsteneste. Bø. Offer til Kirkens Nødhjelp (Fasteaksjon).

#### 23. mars – Påskedag kl.11.00

Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Leirstaden Fagertun.

**20. april kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Misjonsprosjektet / Tibetmisjonen. Kyrkjekaffi.

**18. mai kl.15.00** Familiegudsteneste. Bø. Nattverd. Offer til Sjømannskyrkja, Norsk kyrkje i utlandet. Kyrkjekaffi.



VAKSDAL

KYRKJEBLAD

PRESTEGJELD

# Visst skal våren komme

**Konsertar i  
Vaksdal kyrkje laurdag 5. april og  
Bryggjeslottet i Modalen søndag 6. april**

*Vaksdal kyrkjelydsutval og Modalskoret arbeidar med ei felles musikalsk markering av at Vaksdal og Mo kyrkjer rundar 75 og 125 år i 2008.*

Vaksdal kyrkjelydsutval har invitert med seg lokale kor, og saman vil ein framføre diktverket "Visst skal våren komme" av salmediktaren Eyvind Skeie, tonesett av Sigvald Tveit. Det er eit verk om håp og tru for ei evig framtid, og med eit spenn frå greskliknande Mikis Teodorakis-melodiar til søramerikanske rytmar. Verket er kjærte for mange og har eit folkeleg preg.

Me satsar på at det vert ei flott framføring med innleigde profesjonelle musikarar. Saman med ca 80 korsongarar burde det bli ei minneverdig oppleving.

Medverkande kor er Modalskoret, songkoret Kilden og songkoret Kordial.

Medverkande musikarar og songarar er:  
Kjersti Wiik – song,  
Stein Erik Olsen – gitar,  
Trond Matre – bass  
Snorre Bjerck – perkusjon,  
Cindy Keller – fløyte,  
Olav Arne Steinkopf – tangentar.

Dirigert vert Tone Synnøve Øygard Steinkopf.

**Konsert start:**

**Vaksdal kl. 18.00**

**Modalen kl. 19.00**

**Vaksne kr 175,-**

**Born kr 100,-**

**Familie 450,-**

**Det vert førehandssal av billetter, stad er ikkje fastsett. Sjå plakaten og lysingar.**

**Plakaten er ein akvarell laga av Gunnhild Steinsland frå Modalen.**

Gunnhild Steinsland 2008